



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Egil Hauge, 5557 2350

Vår dato  
17.01.2014  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2013/3310 421.0  
Dykkar referanse  
«REF»

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

### Tilbod om utvida dialog med kommunane i plansaker der det ligg føre statlege motsegner

Vi viser til brev av 22.8.2013 om forsøk med samordning av statlege motsegner til kommunale arealplanar. Samordningsforsøket vart starta opp 01.09. 2013. Vi viser og til brev datert 03.09.2013 fra Miljøverndepartementet.

Det er som kjent for tida eit sterkt fokus på om komplekse og til dels sprikande statlege interesser er med på å seinke planprosessar. Fylkesmannen ser det som positivt dersom vi gjennom dette samordningsprosjektet kan medverke til at planprosessane går raskare, samstundes som staten kan oppnå ein betre og meir samordna planfagleg dialog mot kommunane.

#### Om tilboden

Ut frå røynsle veit vi at det kan vere vanskeleg å halde oppe framdrift i arealplanprosessar der motsegner er fremja til planforslag. Spesielt i saker der fleire fagstyresmakter har motsegn til same plan, kan det å tilby ein samordna dialog i etterkant, vonleg vere med å forenkle den kommunale handsaminga av konfliktfylte planar og gje raskare avklaringar for alle partane i planarbeidet.

I kommunane ligg det for tida eit ukjent tal planar der prosessen har stansa opp på grunn av motstrid med statlege føringer for planarbeidet. Kva som vidare skal skje desse planane, ligg som kjent til kommunane som planstyremakt å avgjere. Det kan likevel venteleg vere positivt for kommunane om også staten, gjennom sin rett og si plikt til deltaking i planarbeid, medverkar meir aktivt til å finne løysingar i etterkant.

**Fylkesmannen, saman med dei andre statsetatane som medverkar i arealplanarbeid, tilbyr difor no ein utvida dialog med kommunane om planar som ligg uavklarte som følgje av at Fylkesmannen og/- eller andre regionale statsetatar har fremja motsegn.**

**Målet med dialogen vil vere å avklare kva som kan gjerast for å bringe dei aktuelle planane vidare i prosessen.**

## **Ansvar, roller og gjennomføring**

Formelt vil det vere kommunane, som planstyresmakt, som rettar førespurnad til Fylkesmannen om dialogmøte om ein arealplan. Deretter vil vi invitere statlege fagstyresmakter som har fremja motsegn til den aktuelle planen til samordningsmøte, på same måte som vi gjer i saker der motsegn er fremja etter 01.09.2013.

Dersom ein på dette møtet blir samd om at ein felles dialog med kommunen vil kunne bringe planen vidare i prosessen, vil Fylkesmannen formidle dette til kommunen og leggje til rette for gjennomføring av eit dialogmøte.

I nokre saker kan konklusjonen bli at kommunen i staden bør søkje å løyse motsegnene gjennom direkte dialog med den-/dei aktuelle partane, eller tilrå at kommunen ber om mekling. Det siste vil vanlegvis vere tilfellet i saker der sterke og avklarte nasjonale interesser og omsyn står opp mot kommunale interesser i godt gjennomarbeidde planforslag.

I andre høve kan det vere naturleg å tilrå at planen vert teken opp i regionalt planforum. Dette vil særleg gjelde dersom planane blir rekna som uferdige/ ufullstendige, eller der det er mest naturleg med planfagleg rådgjeving som ein del av løysingsprosessen. Dersom også Hordaland fylkeskommune har motsegn til planar som kommunane vil drøfte, vil fylkeskommunen bli invitert med på samordningsmøte og eventuelt møte med den aktuelle kommunen i etterkant.

I utgangspunktet er ikkje den utvida dialogen tenkt som formell mekling, jamfør plan- og bygningslova § 5-6, med mindre kommunen ber om det i staden. Ordninga er derimot meint som eit tilbod om gjensidig oppklaring av kva juridiske omsyn og planfaglege interesser som gjer seg gjeldande i det einskilde planforslaget og ei tilhøyrande drøfting av kva som bør gjerast for å bringe planen vidare i prosessen fram mot planvedtak. Endelege avgjersler om korleis nasjonale interesser skal vektast opp mot kommunale og private omsyn og interesser i planforsлага, vil som no måtte fattast av dei rette planstyresmaktene (kommunen, eventuelt Kommunal- og moderniseringsdepartementet) i etterkant, med mindre ein i møte kjem fram til løysingsforslag det er semje om. Det er ønskjeleg at kommunane er representert politisk-/møter med tilstrekkelege fullmakter til å inngå avtaler om løysingsforslag der det let seg gjere.

## **Deltaking frå andre partar**

Private aktørar i planprosessane har høve til å bere fram sitt syn for kommunen og også som ein lekk i ein eventuell seinare meklingsprosess, der meklar skal utforme si tilråding til departementet. Det er såleis ikkje naturleg at andre partar enn kommunen/ fylkeskommunen, eventuelt med støtte frå plankonsulent deltek i desse dialogmøta.

## **Innmelding av saker**

Vi vonar kommunane vil ta seg tid til å gje ei rask attendemelding på dette tilbodet, om mogeleg innan **13.02.2014**. Vi ber om at følgjande vert opplyst i svaret:

- 1. Ynskjer kommunen å nytte seg av ordninga med utvida dialog i motsegnssaker?**  
I så fall ber vi om at det vert opplyst:
- 2. Kva for konkrete arealplanar (plantype, namn, FM sin arkivreferanse og ev. arealplan-ID ) ligg i dag utan eigengodkjenningsvedtak i din kommune, som direkte følge av at det er fremja motsegn frå ein eller fleire statlege regionale styresmakter?**  
(Ta berre med planar som ville vore klare for planvedtak/ eigengodkjenning dersom det ikkje var fremja statleg motsegn. Ta ikkje med planar der motsegn har vore fremma, men sidan avklart/ motsegna trekt).
- 3. Kva for statsetat/ -etatar har fremja motsegn til den einskilde av desse planane?**  
(Opplys gjerne om fylkeskommunen, Riksantikvaren, nabokommunar eller andre òg har fremja motsegn).
- 4. Kva konkrete planar (i prioritert rekjkjefølgje) ønskjer kommunen dialogmøte om?**

Vi ser fram til å høyre frå Dykk!

Og ta gjerne kontakt dersom noko er uklårt.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Egil Hauge  
prosjektleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*